

Styringsdokument 2010 - 2011

Opplæringsdirektøren
Februar 2010



Forord


System for verksemdbasert vurdering er forankra i Opplæringslova §13-10, der Hordaland fylkeskommune er pålagt å ha eit forsvarleg system for å vurdere om krava i Opplæringslova og forskriftene vert følgt opp. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigar dvs. fylkestinget.

I forskrifta til Opplæringslova § 2-1 står det at "Skolane og lærebedriftene skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet".

I Styringsdokumentet gir Opplæringsdirektøren føringar om kva mål og prioriterte tiltaksområde skolane skal leggje til grunn for det verksemdbaserte vurderingsarbeidet. Hovudmål og tiltaksområde er ikkje endra for 2010-2011, for å sikre kvalitet og kontinuitet i utviklingsarbeidet.

I 2010 skal skolane levere eigen tilstandsrapport som del av den rullerte utviklingsplanen. Styringsdokumentet legg føringar for skolane sin tilstandsrapport.

Opplæringsdirektøren sine føringar til utviklingsplan og tilstandsvurdering er nærare presisert i dokumentet "System for verksemdbasert vurdering 2010".



Svein-Erik Fjeld

Bergen, 8. februar 2010


Mål for opplæringa 2010-2011

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland for skoleåret 2010-2011 er auka læringsutbytte og fullføring.

Når skolane skal prioritere egne utviklingsmål, skal det overordna målet for all utviklingsaktivitet vere å auke læringsutbyttet for den einsskilde elev og å få fleire til å fullføre planlagd kompetanse.

Læringsutbytte og fullføring kan målast ut frå karakterutvikling og karakternivå inklusiv stryk og ikkje vurdering, samt tal på sluttarar. I omgrepet fullføring ligg det at den einsskilde elev fullfører planlagd opplæring og oppnår planlagd kompetanse.

Målmodellen frå Styringsdokumentet av 3. februar 2009 står fast, men vi har med denne modellen forsøkt å gjere samanhengen mellom hovudmålet, utviklingsområda og delområda meir tydeleg:



Dei tre **utviklingsområda**, med seks delområde, står alle opp om hovudmålet – auka læringsutbytte og fullføring. **Delområda** peiker på særlege område som har direkte innverknad på utviklingsområda og for å nå hovudmålsettinga.

- Utviklingsområdet **Elevane si læring og læringsmiljø** skal romme innsatsar som fremmar læring, meistring og gjennomføring, og som fremmar elevane sin motivasjon og trivsel.
- Utviklingsområdet **Lærarrolla** skal romme faktorar som fremmar tydelege, fagleg dyktige og trygge lærarar.
- Utviklingsområdet **Lærande organisasjon** skal romme faktorar som fremmar skolen sin kompetanse og kultur for kontinuerleg læring og utvikling

Skolane prioriterer tiltak innanfor eitt eller fleire av utviklingsområda og delområda i målmodellen.

Resultatmål i fylkesbudsjettet

I fylkesbudsjettet er det – på grunnlag av hovudmålet og målmodellen over – definert konkrete resultatmål for 2010 for dei vidaregåande skolane:

- Redusere andel elevar med stryk i ein skilde fag i vidaregåande skule med 5%
- Redusere bortvalet ved dei vidaregåande skulane med 5%
- Betre resultat på utvalde spørsmål i elevundersøkinga med 2,5% i snitt (knytt til vurdering)
- 75% av elevane skal nytte pc dagleg i skulearbeidet

Måla i fylkesbudsjettet skal følgjast opp gjennom system for verksemdbasert vurdering.

Skolane skal, gjennom sin tilstandsrapport, vise kva skolane vurderer som sine utfordringar og kva konsekvensar det får for mål og tiltak i utviklingsplanen. Samanhengen mellom hovudmålet, resultatmåla i fylkesbudsjettet og skolane sine verksemdbaserte mål kjem til uttrykk i malen for tilstandsrapporten.

Prioriterte tiltaksområde 2010-11

For skoleåret 2010 – 2011 held opplæringsdirektøren fast på å prioritere følgjande to tiltaksområda som skal ha særskild merksemd:

- Vurdering av eleven si læring
- Den digitale skole

Dei to områda er valt ut på grunnlag av sentrale styringssignal og våre lokale vurderingar av tilstanden i opplæringssektoren.

Den einsskild skole skal synleggjere korleis dei utvalde tiltaksområda er eller vil bli følgd opp gjennom Utviklingsplanen for skolen.

Vurdering av eleven si læring

- **Alle skolane må vise korleis det blir arbeidd med vurdering.**

For inneverande skoleår har utviklingsplanane i stor grad hatt tiltak retta mot arbeidet med vurderingskriterium i faga. I det kommande skoleåret, 2010/2011, må skolane også prioritere klasseromsnære og læringsfremjande tiltak innan undervegsvurderinga. Det kan til dømes vere tiltak innan praktisk bruk av vurderingskriteria, eigenvurdering og praksis for tilbakemelding/framovermelding.

Den digitale skolen

- **Alle skolane må vise korleis det blir arbeidd for å nå målet om digital kompetanse i alle fag.**

Kompetanseutvikling og erfaringsdeling er eit sentralt tema i skolane sine utviklingsplanar. For skoleåret 2010/11 må skolane også prioritere systematiske tiltak som gir lærar og elev praktiske erfaringar med bruk av digitale læringsressursar.

Tilstandsrapportering 2010

Nytt i år er at skolane skal sende inn ein tilstandsrapport som oppfølging av system for verksemdbasert vurdering og oppfølging. Tilstandsrapporten er eit resultat av den vurdering som skolen har gjort på basis av tilgjengeleg dokumentasjon og kunnskap om skolen. Rapporten skal peike på kva utviklingsområde, mål og tiltak som bør ha prioritet i utviklingsplanen.

Tilstandsrapporten skal innehalde spesifiserte utdrag frå skolen sin eigen tilstandsvurdering. Skolen skal gjere greie for tilstanden innan følgjande område:

- Hovudmålsettinga Læringsutbytte og fullføring:
 - Tal for stryk og IV (standpunkt og eksamen 2009 og 1. termin 2009/2010)
 - Tal for sluttarar (pr. tidspunkt for tilstandsvurdering)
- Prioriterte tiltaksområda Vurdering av elevane si læring og Den digital skolen:
 - Resultat frå Elevundersøkinga
 - Resultat frå Bruk av IKT i skolen
 - Eigne vurderingar, t.d. frå undervisningsevalueringa, av kjenneteikn og resultat frå utviklingsarbeidet i 2009/2010
- Skolane sine resultat frå egne prioriterte mål i utviklingsplanen 2009/2010

Skolane skal vurdere karakter og karakterutvikling, stryk og IV som grunnlag for å kunne tilpasse mål og tiltak gjennom utviklingsarbeidet – t.d. innan særskilde fag, utdanningsprogram, trinn og elevgrupper. Skolane må vere særskild merksame på tilstanden knytt til faga kroppsøving, matematikk og naturfag.

Når det gjeld tal for sluttarar, skal skolane rapportere på følgjande registrerte sluttårsaker i SkoleArena:

- Stort fråver
- feilval
- fagvanskar
- grunn ikkje oppgitt
- manglande norskkunnskapar
- personlege årsaker/sjukdom
- skolelei/motivasjon
- fagvanskar
- anna fråfallsårsak.

Det er her særst viktig å vurdere forholda som ligg til grunn for sluttårsakene for å tilpasse eventuelle tiltak.

Dokumentasjonskjelder

Når det gjeld vurdering og rapportering på hovudmålet, må skolane basere seg på tilstand etter første halvår og tal frå tidlegare skoleår. Når resultata frå eksamen og sluttvurdering/halvårsvurdering ligg føre, må skolane sjølv vurdere behov for justeringar i utviklingsplanen i samband med skolestart.

Rapportering

Mal for tilstandsrapporten er lagt som vedlegg til ”System for verksemdbasert vurdering, februar 2010” (Vedlegg 3) og i tillegg som eit elektronisk vedlegg i wordformat. Rapporten skal fyllast ut elektronisk, og den skal vere kortfatta.

Tilstandsrapporten og utviklingsplanen skal sendast til opplæringsavdelinga innan 30. juni 2010.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga
Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 94 60
www.hordaland.no